



Arkivnr: 2014/11877-15

Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.06.2017

Sal av Etne vgs. avdeling Tesdal**Samandrag**

På bakgrunn av skulebruksplan for 2017-2030 er det vedtatt at Etne vgs. og Ølen vgs. blir slått saman til ein skule og lokaliserert ved dagens Ølen vgs. Etne vgs. avdeling Tesdal kan derfor seljast.

Avdeling Tesdal ligg omkring ein halv mil frå Etne sentrum, i eit landbruksområde.

Det er innhenta takst og marknadsverdien er vurdert til kr 4.000.000.

Fylkeskommunen har rammeavtale med næringsmeklar om tenester knytt til eigedomssal, og dei vil utarbeide salsprospekt, annonsera salet i den opne marknaden, gjennomføre bodrundar, og stå for det økonomiske oppgjeret.

Ein rår til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 4.000.000.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner sal av Etne vgs. avdeling Tesdal.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 4.000.000.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Tesdal - kart
- 2 Tesdal - oversiktskart
- 3 Tesdal - takst

Fylkesrådmannen, 06.06.2017

Skulebruksplan for 2017-2030 vart vedteken i Fylkestinget 04.10.2016. Det går fram av vedtaket at Etne vgs. og Ølen vgs. blir slått saman til ein skule og lokalisert ved dagens Ølen vgs. Det blir derfor ikkje behov for skuleeigedomane tilhøyrande Hordaland fylkeskommune i Etne.

Etne vgs. består av to avdelingar, ei i Etne sentrum og ei i Tesdal. Det er inngått ein tilbakekjøpsavtale med Etne kommune for lokala i Etne sentrum, men det er ingen slik avtale for avdelinga i Tesdal, og ein rår derfor til at avdeling Tesdal blir seld på den opne marknaden.

Lokala i Tesdal skal nyttast mellombels av Rogaland fylkeskommune, og dei har vedteke at fylkesrådmannen i Rogaland får fullmakt til å inngå leigeavtale med Hordaland fylkeskommune om leige til 01.08.2019, med ei årsleige på kr 524.000. Leigeavtalen vil følge med i eit sal.

Etne vgs. avdeling Tesdal ligg på gnr 46 bnr 23, og er vist på vedlagt kart og oversøktskart. Eigedomen er på ca. 13 daa og består av to bygg, eit verkstadsbygg på 1030 kvm., og eit klasseromsbygg på 184 kvm. Eigedomen er regulert til offentlege formål i kommunepalanen, og ligg i eit område sett av til LNF-område (Landbruks-, natur- og friluftsområde). Sjá oversøktskartet, kor areala merkt med grønt er LNF- (lysegrønt) og friområde (mørkegrønt). Sjølv skuleeigedomen er merkt med raudt, som er offentlege bygningar.

På grunn av at det omkringliggjande området rundt skuleeigedomen er landbruksområde, ser ein det ikkje som hensiktsmessig at eigedomen vert forsøkt regulert til anna formål.

Eigedomsavdelinga har innhenta takst datert 28.03.17, og taksta er vedlagt. Det er ein del maskiner og inventar i verkstaden, og desse er helde utanom taksten. Marknadsverdien på eigedomen er vurdert til kr 4.000.000.

Vi kan selje Tesdal over sommarferien. Fylkeskommunen har rammeavtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklartenester knytt til gjennomføring av eigedomssal. Dei vil utarbeide eit salsprospekt, annonsera salet i den opne marknaden, gjennomføre bodrundar og stå for det økonomiske oppgjeret.

For å avslutte ein bodrunde må seljar kunne godta det høgaste bodet. Dersom ein må vente på politisk handsaming av bodet, vil dette ta tid og ein risikerer at bodgjevar ikkje vil la bodet stå ved lag så lenge.

Ein rår derfor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 4.000.000.